

«Å nei, det ordet er ikkje lov på nynorsk!» Eller ...? Om parallell redigering av to norske ordbøker

Bente Selback

The dictionaries for the two written varieties of Norwegian, *Bokmålsordboka* and *Nynorskordboka*, have previously been edited independently by different people. While the dictionaries used to be two separate books, they now come in a digital version at ordbok.uib.no, where they can be viewed side by side on the screen. This way the differences between them are more visible. This article shows that users feel uncertain when a word can only be found in one of the dictionaries, as is the case with the word *animasjon* ('animation'), for instance. Both dictionaries are now being revised simultaneously at The University of Bergen. An important goal is to limit the number of unmotivated differences between them.

1. Revisjon av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*

I 1986 kom førsteutgåvene av standardordbøkene *Bokmålsordboka* (BOB) og *Nynorskordboka* (NOB) ut. Dei var meinte å vera to likeverdige eittbands allmennordbøker for dei to norske målformene. Ordbøkene er digitaliserte og samla i eit felles søkjegrensesnitt på ordbok.uib.no.

Begge ordbøkene er bygde opp på same måten. Dei inneheld relativt korte artiklar som gjev opplysningar om alle godkjende skrivemåtar av oppslagsordet, ordklasse og bøyning, og i ein del tilfelle finn ein òg informasjon om uttale og etymologi. Dei fleste artiklane har dessutan ein relativt kortfatta definisjon og gjerne eitt eller fleire bruksdøme.¹ BOB og NOB skal no reviderast, og tre sentrale oppgåver er å oppdatere lemmautvalet, sikra at tydingane er i tråd med språkbruken i dag, og jamna ut umotiverte skilnader mellom dei to ordbøkene.

Denne artikkelen dreier seg om arbeidet med det siste punktet, altså utjamninga mellom dei to ordbøkene. Eg vil kort komma inn på den norske skriftspråksituasjonen og korleis ordbøkene blei utarbeidde i si tid, før eg seier noko om korleis dei blir brukte og oppfatta av brukarane i dag, korleis me arbeider med utjamning i revisjonen, og utfordringane med at skilnadene mellom dei viser seg å vera større enn venta.

¹ Når nokre artiklar manglar definisjon, kjem det av overføringa frå papir til digitalt format der ein del samansetjingar automatisk blei gjorde om til eigne artiklar som viser skrive- og bøyingsmåte, men utan at det blei utarbeidd definisjonar.

2. Er BOB og NOB like som to tvillingar?

BOB og NOB har ofte blitt omtalte som tvillingordbøker, men sjølv om det er mange likskapar, er dei likevel ikkje heilt like, og av og til kan skilnadene mellom dei føra til feilslutningar hjå brukarane.

2.1. Då Harald skulle skriva stil – ei lita brukarhistorie

Ein ettermiddag var eg på besøk hjå familien til Harald. Han går første året på vidaregåande skule og sat og jobba med leksene sine. Det var ei stiloppgåve om film, som skulle skrivast på nynorsk, og han lurte på korleis ein stavar *animasjon*. Eg tenkte at dette var eit godt høve til å reklamera for ordbøkene våre, og viste han korleis han kunne søkja opp ordet. Resultatet blei ikkje heilt som venta (sjå figur 1).

Bokmålsordboka	Nynorskordboka
<p>animasjon substantiv m BØYING</p> <p>REF animasjonsfilm, animert, tegnefilm,</p> <p>OPPHAV fra engelsk</p> <p>BETYDNING filmteknikk der en med en rekke enkeltbilder får f.eks. tegnede figurer eller dokker til å virke levende</p>	<p>Vi har dessverre ingen informasjon om ordet 'animasjon' i nynorskdbasen.</p> <p>Vanlege feilkjelder:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skrivefeil: Sjekk skrivemåten! • Søk i feil ordbok: Bruk Begge-knappen!

Figur 1: Oppslag på *animasjon* i BOB og NOB før revisjonen.

Det viste seg at *animasjon* ikkje var eit oppslagsord i NOB, og det fekk Harald til å konkludera med at ordet ikkje var «lov» å bruka på nynorsk. Eg prøvde å forklara at ordbøker ikkje har med alle moglege ord, noko han kunne vera med på, men han meinte at det nok ikkje var tilfellet her sidan han jo fekk treff i BOB. Det måtte bety at dette var eit typisk bokmålsord som ikkje kunne brukast på nynorsk.

Denne vesle historia illustrerer at brukarane ofte legg meir i skilnadene mellom ordbøkene enn det det faktisk er grunnlag for. Dette må sjåast i lys av den norske språksituasjonen med to offisielle skriftspråk der store delar av ordtilfanget er felles, men der målformene likevel har hatt kvart sitt særpreg. Det kan ha medverka til at ein del språkbrukarar er usikre på kva som blir rekna som «rette» og «gode» ordval. I tilfellet *animasjon* er det snakk om ein tilfeldig skilnad i lemmautvalet i ordbøkene, og han speglar ikkje ein reell skilnad mellom målformene. Likevel blir den manglande oppføringa i den eine ordboka tolka som eit forbod. Harald er slett ikkje åleine om denne tolkinga, noko mange av spørsmåla ordbokbrukarane sender til redaksjonen, viser (Rauset 2019).

2.2. Bakgrunnen for ordbøkene

For å forstå litt meir av kvifor det er ein del ulikskapar mellom dei to ordbøkene, kan det vera nyttig å sjå kort på korleis dei blei til.

Etter ein lang periode med språkstrid blei det i 1964 sett ned ein komité med mandatet å «ta opp til drøfting heile språksituasjonen i landet og gjera framlegg om tiltak som komitéen meiner kan tene til å ta vare på og utvikle vår norske språkarv» (Innstilling 1966:3). Eitt av framlegga deira var å etablere eit leksikografisk institutt, og dei peiker på behovet for gode ordbøker og «nevner som en mulighet at ordbøker [...] kunne lages for begge målformer under ett» (Gundersen 1967:120).

I 1974 var det nyoppretta Norsk leksikografisk institutt ved Universitetet i Oslo i samarbeid med Norsk språkråd i gang med arbeidet med to nye norske allmennordbøker, ei for kvar målform. Dei to ordbøkene hadde kvar sin redaksjon, men i starten samarbeidde redaksjonane tett om opplegget, og dei starta på kvar sin del av alfabetet, for så å byta manus.

Når ordbøkene likevel ikkje blei likare kvarandre, hadde det samanheng både med ulike tradisjonar og ideologiar knytte til dei to målformene og med ulikt kjeldetilfang. BOB-redaksjonen kunne mellom anna stø seg på *Norsk riksmålsordbok* og *Tanums store rettskrivningsordbok*, som inneheldt mange samansetjingar. For nynorsk og målføra var ein i gang med det store verket *Norsk Ordbok*, men mykje arbeid stod att, og ein hadde heller ikkje noka ordbok som svarte til *Tanum*. Det var difor trong for å ha med fleire samansetjingar i NOB. På nynorsk-sida ønskte ein dessutan å halda ute ein del av dei danske og tyske lånorda som var vanlege i bokmålet (Nes 1984; Gerdener 1986), og i staden ta inn fleire ord frå dei norske målføra (Worren 1998).


Førsteutgåvene på papir låg føre i 1986, og omfanget viste seg å vera på om lag 65 000 oppslagsord i BOB og 90 000 i NOB. Sidan den gongen er begge ordbøkene komne ut i fleire nye utgåver delvis uavhengig av kvarandre. I revisjonane er det helst rettskrivinga og bøyingane som er oppdaterte i samsvar med nye reformer, i tillegg til at nyord er lagde til, men det har ikkje vore gjort store revisjonar av innhaldet (Hovdenak 2013).

2.3. Bruken av ordbøkene

Den gongen ordbøkene var nye, var det kan henda ikkje så farleg om det var ein del skilnader mellom dei. Då var ordbøker noko som fanst på papir. Lurte ein på noko, slo ein opp i ordboka for den målforma ein skulle skriva på. Det var nok dei færraste som kom på å samstundes slå opp i ordboka for den andre målforma for å samanlikna artikkane.

I dag er situasjonen ein annan. Ordbøkene finst i elektroniske utgåver, på nett sidan 1994 og som app sidan 2017. Her er begge ordbøkene samla på éin stad, og dei blir oppfatta som éin ressurs. Ein kan søkja på eit ord og få opp treffa frå begge ordbøkene ved sida av kvarandre.

Figur 2 viser oppslaga i nettordbøkene i 2018, fordelte på månad og ordbok. Me ser at det er litt fleire som slår opp i NOB (20 %) enn i BOB (13 %), men mest slåande er den store delen som bruker standardsøket som blir gjort parallelt i begge ordbøkene (67 %).² Det fører til at det òg er langt fleire enn tidlegare som legg merke til at dei to tvillingane ikkje alltid er så like, og utjamning av skilnadene mellom dei blir ei viktigare oppgåve enn det har vore tidlegare.



Figur 2: Bruk av nettsida ordbok.uib.no i 2018. Kjelde: Ordbokstatistikk (2019).

3. Parallellredigering i praksis

Som nemnt er det no i gang ein revisjon av dei to ordbøkene. Prosjektet er femårig (2018–2023), finansiert av Kulturdepartementet, og det er eit samarbeid mellom Universitetet i Bergen og Språkrådet. I prosjektsøknaden blei det lagt vekt på at målet var å få til to mest mogleg parallelle ordbøker: «BOB og NOB er og skal være tvillingordbøker, dvs. at de skal være parallelle i innhold bortsett frå når forhold som er særegne for den ene eller den andre målformen, tilsier noe annet» (Språkrådet 2017).

² Talet på oppslag i NOB er høgt med tanke på at berre om lag 12 prosent av elevane i grunnskulen i dag har nynorsk som sitt primære skriftspråk (SSB 2019).

Det som er heilt nytt samanlikna med tidlegare arbeid med ordbøkene, er at det er sett ned éin redaksjon som skal arbeida parallelt med både BOB og NOB. I redaksjonen jobbar me slik at ein redaktør får tildelt eit alfabetstrekk som han eller ho så redigerer parallelt i begge ordbøkene.

Det første som blir sjekka, er om oppslagsordet er med i begge ordbøkene, noko det jo ikkje var i dømet med *animasjon*. Dersom det ikkje er det, må redaktøren ta stilling til om det er rimeleg å berre ha det med i den eine ordboka, eller om det bør opprettast ein tilsvarande artikkel i den andre. Det er òg mogleg at oppslagsordet i visse tilfelle er så utdatert eller perifert at det ikkje treng å vera med vidare i nokon av ordbøkene. For å prøva å avgjera dette bruker me tilgjengelege tekstkorpus, men det er ei utfordring at tekstomfanget er mykje større på bokmål enn på nynorsk (Lyse 2020, i dette nummeret).

Dersom oppslagsordet alt er med i både BOB og NOB, vurderer redaktøren om artiklane er rimeleg parallelle, eller om det er trong for å gjera dei likare kvarandre når det gjeld anten etymologi, uttaleopplysningar, definisjonstekst, bruksdøme eller kan henda heile artikkelstrukturen.

Figur 3 viser eit døme på korleis ein artikkel, *glamour*, kan sjå ut i dei to ordbøkene. Me ser at begge har med dette oppslagsordet, og at artikkelstrukturen er mykje den same, med unnatak av at BOB har med eit bruksdøme til slutt, og det burde vore med i NOB òg. Bøyingsparadigma er sette opp på same måten, men uttaleopplysningane sprikjer. I BOB får me vita at ordet skal uttalast /glamo´r/, medan NOB hevdar at uttalen skal vera /glæm´mer/. Det er ingen grunn til at uttalen skal vera ulik i nynorsk og bokmål, så her trengst det ei utjamning, og truleg er uttalen i BOB den vanlegaste i dag. Når det gjeld etymologien og definisjonen, står ikkje opplysningane i direkte motsetnad til kvarandre. Essensen er mykje den same, men formuleringane er ulike. Her ser me òg ein av føremonene med parallellredigeringa, nemleg at ein kan la seg inspirera frå det beste i begge dei to artiklane i forsøket på laga ein ny og likare tekst i begge ordbøkene.

Bokmålsordboka	Nynorskordboka
<p>glamour substantiv m BØYING</p> <p>UTTALE <i>glamo´r</i></p> <p>OPPHAV engelsk egentlig skotsk variant av <i>grammar</i> 'grammatikk', fordi lærdom ble forbundet med magi</p> <p>BETYDNING magisk skjønnet, sjarm (som ofte er utvendig) <i>hun har glamour</i></p>	<p>glamour substantiv m BØYING</p> <p>UTTALE <i>glæm´mer</i></p> <p>OPPHAV engelsk 'fortrolling, synkverving', omlaga av <i>grammar</i> 'grammatikk'</p> <p>TYDING strålende (men ofte tom og utvendig) venleik og sjarm ytre glans</p>

Figur 3: Oppslag på *glamour* i BOB og NOB.

Bokmålsordboka	Nynorskordboka
<p>av rette verb BØYING</p> <p>OPPHAV etter tysk</p> <p>BETYDNING</p> <ol style="list-style-type: none"> dressere <i>avrette hunder</i> gjøre rett <i>avrette platekanter</i> <i>avrette en mur</i> henrette <i>bli avrettet i den elektriske stolen</i> 	<p>av rette, av retta verb BØYING</p> <p>OPPHAV etter tysk av rette (III)</p> <p>TYDING avlive (ein dødsdømd) <i>bli avretta i den elektriske stolen</i></p>

Figur 4: Oppslag på *avrette* i BOB og NOB.

Figur 4 viser oppslaga for verbet *avrette* der sjølve artikkelstrukturane skil seg frå kvarandre. Det er ein liten skilnad i etymologiane, men den største skilnaden er at BOB har tre ulike tydingar, medan NOB berre har éi, som svarer til tyding 3 i BOB. Tydingsstrukturen i artikkelen i BOB er henta meir eller mindre direkte frå førsteutgåva av *Norsk riksmålsordbok*. Det er naudsynt å undersøkje dei tilgjengelege tekstkorpusa nærmare for å finna ut om alle desse tydingane framleis er i bruk i moderne bokmål, og om dei òg finst i nynorsk. Når det gjeld tyding 2 i BOB, er det relativt lett å finna henne i moderne bokmål, men for nynorsk må ho undersøkjast nærmare. Tradisjonelt har nynorsk gjerne hatt laust samansette verb der bokmål har faste samansetjingar, slik at det har vore vanleg å til dømes skriva at ein «rettar av eit golv», heller enn at ein «avrettar» det, men her er målforma i endring (Almenningen 2006:90–91). Det er ofte ei utfordring å finna den rette balansen mellom for mykje og for lite utjamning.

4. Røyslene med utjamninga så langt

Kor stort er eigentleg omfanget av umotiverte skilnader mellom ordbøkene? For å få eit bilete av situasjonen har eg gjort ei lita undersøking av dei 300 første oppslagsorda i alfabetbolken som startar med *aviarium*, og sett på korleis artiklane fordelte seg på dei to ordbøkene i utgangspunktet, og kva endringar me har gjort framlegg om.³

Av dei 300 undersøkte oppslagsorda var det 14 prosent som i utgangspunktet berre var med i BOB, og 33 prosent som berre var med i NOB. Resten (53 %) hadde artiklar i begge ordbøkene (sjå tabell 1).

	Før revisjonen (N = 300)	Etter revisjonen (N = 237 ⁴)
Berre i BOB	14 %	7 %
Berre i NOB	33 %	11 %
I begge	53 %	82 %
Til saman	100 %	100 %

Tabell 1: Fordeling av dei undersøkte artiklane på ordbøkene.

Etter den første revisjonsrunden er særtilfanget i dei to ordbøkene redusert slik at 82 prosent av dei oppslagsorda som framleis er med, no har artikkel i begge ordbøkene, 7 prosent har berre artikkel i BOB, og 11 prosent har berre artikkel i NOB.

I dei artiklane som alt fanst i begge ordbøkene, er det òg gjort ein del tilpassingar for å gjera ordbøkene likare kvarandre. Opphavleg var 158 av dei undersøkte artiklane med i begge ordbøkene, og i revisjonen har me gjort 100 av dei likare kvarandre, det vil seia om lag to tredelar. Det kan dreia seg om endringar i uttaleopplysningar, etymologi, definisjonstekst eller heile artikkelstrukturen. Samla sett var det altså ein stor del av dei undersøkte artiklane som trong ei eller anna form for samkøyring.

³ Oppslagsorda frå BOB og NOB slegne saman i ei felles liste. Oppslagsord som finst i begge ordbøkene, utgjer éi oppføring på lista.

⁴ Ein del av dei opphavlege artiklane er tekne ut av ordbøkene i revisjonen (anten fordi me finn få belegg på bruk, eller fordi det dreier seg om lite sentrale samansetjingar), og difor er N redusert her. Det er i staden lagt til heilt nye oppslagsord i alfabetstrekket, men dei er haldne utanfor denne opteljinga. Så langt ser det ut til at BOB veks mest, slik at omfanget av dei to ordbøkene vil bli likare.

5. Konklusjon

Med overgangen frå papir til digitale ordbøker oppdagar ordbokbrukarane ulikskapar dei ikkje såg tidlegare, og ei av hovudoppgåvene i revisjonsarbeidet er difor å gjera BOB og NOB likare. Om me skal samanfatta røynslene så langt, har arbeidet avdekt at ulikskapane er større enn venta, noko som har ført med seg at denne delen av prosjektet har blitt meir omfemnande enn me hadde sett føre oss. For å kunna fullføra prosjektet innanfor dei rammene me har, kan det bli naudsynt å prioritera dei viktigaste oppgåvene, og me trur det vil bety meir for brukarane at lemmautvalet og definisjonane er likast mogleg, enn at etymologiar, uttaleopplysningar og bruksdøme er det. Me håper uansett at revisjonsarbeidet skal gjera ordbøkene meir brukarvennlege i framtida slik at verken Harald eller andre blir villeidde av tilfeldige skilnader.

Litteratur

Ordbøker

BOB (1986–) = *Bokmålsordboka*. Oslo: Kunnskapsforlaget. <ordbok.uib.no> (oktober 2019).

NOB (1986–) = *Nynorskordboka*. Oslo: Det Norske Samlaget. <ordbok.uib.no> (oktober 2019).

Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet (2016). Oslo: Det Norske Samlaget. <no2014.uib.no> (oktober 2019).

Norsk riksmålsordbok (1937–1957). Oslo: Aschehoug.

Tanums store rettskrivningsordbok (1964–). Oslo: Kunnskapsforlaget.

Annan litteratur

Almenningen, Olaf (2006): *Innføring i nynorsk for høgare utdanning*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Gerdener, Wilhelm (1986): *Der Purismus im Nynorsk. Historische Entwicklung und heutige Sprachgebrauch*. Münster: Hans Hölker Verlag.

Gundersen, Dag (1967): *Fra Wergeland til Vogt-komiteen. Et utvalg av hovedtrekk og detaljer fra norsk språknormering*. Oslo: Universitetsforlaget.

Hovdenak, Marit (2013): Bokmålsordboka og Nynorskordboka gjennom ein generasjon. I: Ruth Vatvedt Fjeld & Marit Hovdenak (red.): *Nordiske studier i leksikografi* 12. Oslo: Nordisk forening for leksikografi, 229–246.

- Innstilling (1966): *Innstilling om språksaken fra komitéen til å vurdere språksituasjonen m.v. oppnevnt ved kongelig resolusjon 31. januar 1964*. Oslo: Kirke- og undervisningsdepartementet.
- Lyse, Gunn Inger (2020): Ut med adamsslekt og inn med arveprinsesse? Leksikografiske metodar i revisjonen av Bokmålsordboka og Nynorskordboka. I: *Nordiska studier i lexicografi* 15, 215–224.
- Nes, Oddvar (1984): *Om nokre affiks i nynorsk – mest om -heit*. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Ordbokstatistikk* (2019). Universitetet i Bergen. <ordbok.uib.no/perl/ordbokstatistikk.cgi> (oktober 2019).
- Rauset, Margunn (2019): Bokmålsordboka og Nynorskordboka – einægga, toegga eller siamesiske tvillinger? I: *LexicoNordica* 26, 155–175.
- Språkrådet (2017): *Prosjektsøknad – revisjon av Bokmålsordboka og Nynorskordboka*. Upublisert.
- SSB (2019): *Elevar i grunnskolen*. <www.ssb.no/utdanning/statistikker/utgrs/aar> (oktober 2019).
- Worren, Dagfinn (1998): Om å avgrense eit ordtilfang – saga om målføreorda i Norsk handordbok. I: Ruth Vatvedt Fjeld & Boye Wangenstein (red.): *Normer og regler. Festskrift til Dag Gundersen 15. januar 1998*. Oslo: Nordisk forening for lexicografi, 59–70.

Bente Selback
redaktør for revisjonen av
Bokmålsordboka og Nynorskordboka
Universitetet i Bergen
Postboks 7805
NO-5020 Bergen
bente.selback@uib.no